Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: 0d5e7d5e-a87f-4ace-9167-8216bbd04ce0<br>Vår: 22/2611 - 22/23951 | Irene Wilhelmsen<br><br>irene.wilhelmsen@alver.kommune.no | 23.03.2022 |

# Uttale - søknad dispensasjon - gbnr 137/765 Alver

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn, og avlaupsforvaltning har følgjande uttale til søknad om dispensasjon frå reguleringskrav.

Veg-avdeling:
Den private vegen kjem ut i kommunal veg. Det bør søkjast om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle til kommunal veg før det vert gitt dispensasjon frå løyve om ny bustad utan regulering på denne tomta.

Vegen som under er ringa inn med raudt er i dag etablert som snarveg/gangveg frå Kupaleitet til kommunevegen. Dette er den tryggaste vegen for born å bruke som skuleveg. Det må sørgast for god trafikksikring og sikt langs veg og parkeringsareal slik at sikkerheita til gangvegen vert oppretthalden.




Areal regulert til anna veggrunn i plan for Kubbaleitet bør grensejusterast slik at formålsgrensa for anna veggrunn og matrikkel samsvarer.

Avkøyrsla f_V1 (Kubbaleitet) mot kommunevegen slik den er etablert i dag, er dårleg definert og truleg ikkje i samsvar med reguleringsplan for Kubbaleitet.
Der den private avkøyrsla kjem ut i kommunal veg, ligg i tilknytting til ein verkstad. Avkøyrsla frå verkstaden har sannsynlegvis behov for svingradius for lastebil.

VA-avdeling:




Det går ein 50mm kommunal leidning gjennom tomta samt privat vatn og avløp for eksisterande bustad på tomta. Det er ikkje lov å oppføre bygning, murar og liknande over va-ledningar. Alle ledningar på tomta, kommunal og private, må flyttast/leggast om etter godkjenning frå VA-avdelinga i Alver kommune.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Line M. Valle
Tenesteleiar Eigedomsforvaltning

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |